



VINBLADET

 Nr. 1 / 2025 / 38. årgang



Lars Marius Garshol
Kveikens og gardsølets
beskytter

Tema: Metode
Viktige valg i produksjonen

Rått, kokt eller stekt
Hva betyr det for drikkevalget?

Utgiver:



Vinbladet er et gratis kundemagasin utgitt av AS Vinmonopolet.

Postboks 6953
St. Olavs plass, 0130 Oslo
vinmonopolet.no
Tlf. 22 01 50 00

Ansvarlig redaktør:

Kristin Welle-Strand

Redaktør:

Marie Steffens

Redaksjonen:

Anne Enggrav, Andreas Ingul, Niclas Lundmark, Håkon Skurtveit og Tom Tyrhjell

Design:

Spoon

Forsideillustrasjon:

Bjørn Brochmann

Trykk:

Kai Hansen Trykkeri AS
Trykt på miljøvennlig papir
Opplag: 91 000

Korrektur og nynorsk oversettelse:

Nye Tillen

Ros, ris, innspill eller spørsmål kan sendes til: vinbladet@vinmonopolet.no

Redaksjonen har ikke ansvar for ubestilt materiale.



Miljøfyrtårn®



Vinmonopolet er akkreditert for sensorisk kvalitetstest av øl, vin, brennevin, fruktmost og juice.

Henvendelser om abonnement:
vinmonopolet.no eller
kundesenter@vinmonopolet.no

Et godt utvalg for alle kunder

Hånd i hånd med fagkompetanse og service jobber vi for å ha et relevant og kvalitetssikret vareutvalg med stor variasjon på Vinmonopolet.

Det kan kanskje virke som et paradoks at vi som har et ansvar for å begrense skadevirkningene av alkohol, også tilbyr et av verdens største og bredeste varesortimenter. Men som monopol er det viktig for oss å ha et utvalg som gir gode valgmuligheter for alle våre kunder med tanke på for eksempel stil, land og pris. Vi skal møte etterspørselen til det norske folk, samtidig som vi utvikler oss i takt med samfunnets forventninger til oss – som faghandel i verdensklasse, alkoholpolitisk virkemiddel og foregangsvirksomhet på bærekraft.

Vinmonopolordningen skal også sikre lik markedstilgang for alle produsenter som ønsker å selge produktene sine gjennom oss. Siden Vinmonopolet er den eneste salgskanalen i Norge utenom barer og restauranter, får leverandørene selge alle sine produkter gjennom bestillingsutvalget så lenge de overholder lover og regler for salg av alkohol i Norge.

Jeg tør påstå at vi har verdens beste vareutvalg. For meg er likevel det aller viktigste at vi har et godt, bærekraftig og lønnsomt sortiment som kundene er fornøyd med.

Kundene kommer til oss med stor faglig kunnskap og interesse, og et bredt sortiment stiller høye krav til de ansattes kompetanse. Et bærekraftig sortiment krever også mye av oss som en av verdens største innkjøpere av vin. Derfor stiller vi økende krav til dem vi kjøper varer fra. For eksempel har vi innført krav til verdens vinprodusenter om at all vin med en salgspris under 250 kroner (0,75 l) på Vinmonopolet må leveres i klimasmart emballasje.

Vi jobber hele tiden med å utvikle oss slik at vi leverer på samfunnets og kundenes forventninger til oss. Vinmonopolet skal tilby et godt og bærekraftig sortiment og gi gode faglige råd også i framtiden.



Elisabeth Hunter

Elisabeth Hunter
administrerende direktør



22

Tilberedning av kjøtt

Polkock Andreas Ingul gir råd om noen klassiske tilberedningsmetoder. Anne Enggrav forklarer hva de betyr for drikkevalgene.

20

Mestermøte

Lars Marius Garshol vil bevare den norske gjærkulturen kveik og gårdsøltradisjonen.

36

Vinmonopolet tester

Hvor små forskjeller er det mulig å smake? Denne gangen sjekker vi lufting av vin.

Tema Metode

Gjennom 2025 ser vi på noen sentrale fagbegreper knyttet til produktene vi selger. I denne første utgaven er temaet metode.

6 Maltning og mesking

10 Koji i sake

14 Musserende vin


18 Helklasegjæring

LES OGSÅ

- 13 Alkoholfri drink
- 32 Surøl
- 34 Alkoholfri vin
- 38 Nam-nam
- 39 Smått og godt

FAGPRAT

METODE



MALTING OG MESKING

Den underlege saga om då grasfrø blei rusdrikk.


SIDE 6



KOJI-MYSTERIET

Arbeidet til kojien ligg i skjæringspunktet mellom kunst, magi og mikrobiologisk presisjon.

SIDE 10



BRUSANDE METODIKK

Om gjærsoppens to liv, død, og sprudlande oppstandelse.

SIDE 14



LAG VIN MED DRUESTILKENE

Nokre av dei mest delikate, nyanserte og fruktige raudvinane har med både bær og stilk i gjæringstanken.

SIDE 18

FOTO: GETTY IMAGES

KVA TYDER DET?

Metode

[meto:ˈdə]

Dette seier «Det Norske Akademis ordbok» om **metode**

- innlånt; jf. latin *methodus*, fransk *méthode*, tysk *Methode*, fra gresk *methodos*; grunnbetydning 'følgelse, etterforskning'
- systematisk fremgangsmåte (ved løsning av oppgave, i vitenskapelig undersøkelse e.l.)

Vi brukar omgrepet i tydinga produksjonsmetode. Kva oppskrift og prosedyre som blir brukt, fortel noko om korleis det ferdige produktet vil smake. Men likevel: Erfaringa vår tyder på at det ikkje er val av metode som avgjer kvaliteten på produktet, altså om det vil smake verkeleg godt eller berre greitt nok.

Det er heller kor nøye og gjennomtenkt produsenten er med alle detaljar. Det gjeld både for vinmakaren i Portugal, og gardsbryggaren i Hornindal.

Dei flinkaste nyttar ein metode som byggjer på ein klar idé. Dei sjekka råvarene, følgjer nøye med på alle prosessar, og forstår når det er lurt å avvike frå oppskrifta. Dei er til og med opne for ny innsikt som kan føre til betring av metoden.


Det sentrale i tradisjonell metode er at vinane blir ettergjæra og lagra lenge i flaska, saman med gjærrestane (bermen) frå den andre gjæringa. Bermen blir fjerna frå flaskene før dei blir selde.

Håkon Skurtveit
om musserande vin på side 14

MALTING OG MESKING

Den underlege saga om då grasfrø blei rusdrikk.

TEKST: HÅKON SKURTVEIT, SENIOR VAREFAGLEG RÅDGJEVAR



Det er eit styr å bryggje øl. Vin er mykje enklare. Den ekstremt søte druesafta gjærar av seg sjølv, som om druer var skapte for vin. Råstoffet for øl er korn. Korn er ikkje søtt. Korn inneheld mest karbohydrat i forma stive. Der startar vanskane. Vi treng sukker, ikkje stive. Løysinga er først malting og deretter mesking. Dette har ein gjort i tusenvis av år, men framleis er ikkje alle detaljar kjende. Og godt er det. For noko i oss vil alltid ha ein lengt mot det mystiske.

Eg har ikkje peiling

Mange av kundane våre seier noko slikt som «Å ja, eg er glad i øl og synest det er gøy å smake forskjellige øltypar – men eg har jo ikkje noko greie på det.» Jau, det har du vel! Du har greie på kva ved øl som gjev deg glede. Du synest øl kan smake godt, og du har det gøy når du smakar noko nytt og ukjend. Er ikkje det å ha greie på, så veit ikkje eg.

Kjenn deg sjølv! er eit imperativ som framleis står meisla i stein i Delfi. Ikkje så dumt. Sjølvinnsikt er mellom anna å vere klar over kva eg set pris på, og kva som gjer meg glad. Kanskje den delen til og med er den viktigaste?

Kan du lokke fram ørlita interesse for kva som skjer når ein maltar korn og meskar malt, bør du lese vidare. Sjølv om du verken skal ta nokon eksamen eller brygge øl sjølv, er du kanskje ein slik som blir glad over å forstå litt meir av verda rundt deg?

Korleis korn vert til øl (kortversjonen)

1. Ta eit sekk med byggkorn, og legg kornet i bløyt eit par dagar.
2. Spre det våte kornet utover så det tek til å spire. Hald kornet fuktig, og snu det minst éin gong kvar dag.
3. Tørk det spirande kornet etter ei

knapp veke, anten over eld (gjev røyksmak) eller varmluft. Spiringa er stogga, kornet er tørt, og no kallar vi det malt.

4. Knus maltet til grøpp (svært grovt mjøl).
5. Bland grøppet med varmt vatn (eller einerlog). Vent eit par timar til mesken (suppa) er vorten søt. No har du faktisk meska, som er å lage vørter av malt.
6. Sil den søte vørteren frå masken/dra- vet (grøpprestane), og kok vørteren ein liten time saman med humle.
7. Kjøl ned vørteren, sil frå humla og tilset gjærsopp/kveik.
8. Etter ei veke eller tre har du truleg øl.

Dette er grovt forenkla. Variasjonar innan kvart steg gjev oss eit mangfald av øl. Som du ser, er det ikkje så grueleg komplisert å bryggje øl, sjølv om det er mykje arbeid. Litt fabelaktig er det no lell at våre forfedrar og -mødrer fann ut korleis dei kunne lage rusdrikk av korn fleire tusen år før mikrobiologi var skulefag og planeten hadde høyrt nokon uttale ordet enzym.

Kropp og øl

Etter moderne naturvitskap skaut fart, fekk vi nye innsikter om verda, og vi samlar kunnskap på andre måtar enn før. Den gamle kompetansen byggjer på å lære av dei vaksne, og av nye erfaringar. Neste generasjon blir invitert til å følgje med for å lære og prøve sjølv – og etter kvart også tenkje sjølv (med påfølgjande generasjonskonflikt). Ei praktisk erfaringa frå gardsbrygging kan vere at om ein meskar ved høg temperatur, blir resultatet eit fyldig øl med tydeleg søtsmak. Meir varsam oppvarming gjer ølet tørrare og meir alkoholsterkt. Om temperaturen blir målt med handa, kan

Sjølvinnsikt er mellom anna å vere klar over kva eg set pris på, og kva som gjer meg glad.

ein verkeleg snakke om at kunnskapen sit i kroppen.

Forklaringa til naturvitskapen er truleg at varm mesk favoriserer enzymet α -amylase framføre β -amylase, slik at vørteren vil innehalde fleire store suk-kermolekyl som ikkje gjærsoppen klarar å omdanne til alkohol og CO₂. Dette har eg lese meg til fordi eg er meir nysgjerrig på å finne ut kvifor enn korleis. Eg bur i hovudet mitt, mens ein annan finn seg betre til rette i brygguset, der hen kan syngje, røre, fyre og passe på, for å skape noko smakfullt som kan delast med andre i ei felles kroppsleg og litt mystisk erfaring.

Men naturvitskap svekkje ikkje evna vår til å kjenne oss til stades i verda. Tvert om, vil eg påstå. Her er litt om kva som skjer når tørre byggkorn blir søt vørter.

Vakn, du vesle (hormonelle) spireung

Om hausten mognar kornet på åkeren. Korn er frø frå ymse grassortar. Bygg er den kornsorten som er mest veileigna til å bryggje øl av. Frø i naturen spirer når tilhøva er lovande for at nye plantar kjem til å vekse opp og produsere fleire frø. Evolusjonen sørgjer for dette. Prosessane som skjer inne i frøet, er styrte av hormon og utførte av enzym. Slik fungerer kroppane våre òg. Den ytre verda påverkar kva hormon som blir produserte. Alt heng saman. Når byggkornet ligg kaldt i jorda om hausten og ventar, vil mellom anna det veksthemmande hormonet abscisinsyre hindre at det tek til å spire. Når jorda tiner og blir våt og varm utpå vårparten, vil kimen ta til å produsere veksthormonet gibberellin som tek over styringa. Kimen/emryoet er den delen av kornet som skal utviklast til ny plante. Gibberellin


stimulerer produksjon av ulike enzym, blant anna slike som deler opp store molekyl av stive til mindre sukkertypar. Slik får kimen energi til å spire. Stive er energilageret til frøet, men stive treng å bli omforma til sukker for at kimen skal kunne utnytte energien. Vonar du ikkje let deg vippe av sjølv om nokre av orda her kanskje er rare og framande.

Malting (skaffe enzym for mesking)

Over her har du faktisk lese kva som hender når ein maltar. For då fuktar ein tørt korn for å få det til å starte spiringa. Men etter berre nokre dagar blir det spirande kornet tørka for å avbryte spiringa. Då har kornet vorte til malt. Malt er rett og slett korn som har spirt litt, og difor inneheld rikeleg av enzym som har ulike namn, og som får ulike prosessar til å skje. Det er enzyma som er heile poenget med maltinga. Enzymet β -glukanase bryt ned veggane rundt stiven i kornet slik at stivet blir tilgjengeleg. Lipase spaltar feitt, og protease spaltar protein. Men dei to enzyma vi er mest opptekne av, er α -amylase og β -amylase som som kan kutte opp stive til ulike sukkertypar. Slike sukkertypar som kan gjærast til alkohol. Vi har ingen ambisjonar om å så ny kornåker eller bake brød. Her skal det bryggjast øl!

Mesking (skaffe sukker for gjæring)

Grovmale malkorn og varm væske blandast til ei suppe slik at enzyma kan komme til og lage sukker av stive. Alle enzym blir påverka av temperatur, og det finst ein temperatur der prosessen som enzymet stimulerer, går fortast. For enzyma som bryt ned stive til sukker, er idealtemperaturen mellom 65 og 72°C. B-glukanase som bryt ned veggane rundt stivet, er mest effektivt rundt 45–50°C, noko avhengig av kor surt miljøet er (pH).



Prosessane som skjer inne i frøet, er styrte av hormon og utførte av enzym. Slik fungerer kroppane våre òg.

Sukkertypar som berre er samansette av eitt eller to molekyl, kan gjærsoppen omdanne til alkohol og CO₂. Dette gjeld mellom anna glukose (eitt molekyl) og maltose (maltsukker bygd av to glukosemolekyl). Større sukkermolekyl blir (for det meste) verande i ølet som søtsmak og fylde.

Økonomi og temperatur

Store bryggeri er i konstant konkurranse, og pris er viktig. Så når ein bryggjer, er det om å gjere å bryggje så mykje øl som mogeleg av kvart tonn med malt ein kjøper inn. I praksis tyder det å få omdanna så mykje som mogeleg av stivet til sukker som kan gjærast til alkohol. Dette gjeld særleg for lys lager som er den klart største østilen, og som også skal vere eit forfriskande og nokså tørt øl. Rett mesketemperatur er avgjerande.

Meskinga av lys pilsnermalt kan starte på 62–65°C i ein tre kvarters tid. Då vil særleg β -amylase fungere maksimalt for å dele opp store stive til mindre sukker. Deretter aukar ein temperaturen til 72°C rundt eit kvarter for å sikre at α -amylase får delt opp litt større sukker-molekyl (dekstrin) til slike som er små nok til at dei kan gjærast. Til slutt aukar ein temperaturen til 78°C som er så varmt at enzyma blir øydelagde, og ein fin temperatur for å få god flyt gjennom silen når no vørteren skal skiljast frå masken (maltrestane).

Slark og mangfald

På den heilt andre sida, under mesking i eit tradisjonelt bryggjehus, vil det vere mykje meir slinger og slark, også med temperaturar. Resultatet blir mindre alkohol produsert for kvart kg med malt, men gardsøla blir meir smaksrike og varierte – både på godt og vondt. Om

maltinga også skjer heime, får mange av øla også mørkare farge, meir sødme og eit mylder av aroma saman med meir stoffleg munnkjensle. Mesking av gardsøl har blitt gjort etter mange oppskrifter. Ein mykje brukt metode startar med å tømme varm einerlog (uttrekk av einerkvistar) over maltet som første steg. Nokre tradisjonar startar meskinga rundt 50°C. Det er ikkje dumt, for då vil β -glukanase og protease bryte ned det som ligg rundt stivet slik at dette blir betre tilgjengeleg. Etter ei stund auser ein ut ei bøtte med mesk og kokar denne opp i ei eiga gryte. Så tømmer ein det kokvarme tilbake slik at heile mesken kjem opp på temperaturane der enzyma som omdannar stive til sukker er mest effektive, rundt 65–72°C. Det er lett å tenkje seg at denne oppvarminga/kokinga av delar av mesken påverkar både munnkjensle og aroma. Noko sukker vil bli karamellisert, og ein får fine, brødbakst-aromaer frå maillard-reaksjonar (sjå Vinbladet 1-2024). Ein annan variant er å tømme kokvarmt vatn eller einerlog inn i mesken etter kvart, i staden for å varme ein del av mesken. Dette kan gjærast i fleire steg med aukande temperatur.

Sile vørter frå mask

Etter ein time eller to bør enzyma ha kuttat det meste av stive opp i mindre sukkertypar slik at mesken er vorten søt. Då er det tid for å sile den søte vørteren frå restane av malten. Ein tømmer mesken over i eit silkar/rost som gjerne er utstyrt med eit lag med greiner, halm eller einerkvistar i botnen, slik at avrenninga skal gå greitt. Etter kvart som den første, aller søtaste delen renn ut, vaskar ein ut mest mogeleg sukker og god smak frå maltrestane ved å tømme varmt vatn eller einerlog over og la dette

renne etter. Om ein bryggjer råøl, let ein no berre vørteren kjølna før ein set til gjær. Meir vanleg er det å koke vørteren saman med humle. Kokinga får bitter-smaken ut av humla, og fjernar også villgjær og bakteriar frå vørteren før han skal gjærast. Dei færreste ønsker aktive mjølkesyrebakteriar velkomne, for då vert resultatet surøl.

Også dei underjordiske og universet

Forklaringar på kvifor ting går greitt eller gale, har tidlegare gjerne vore knytte til slikt vi no lett kallar overtru. Ein skvett vørter for at dei underjordiske skal halde fred, eller å gaule ned i gjæringskaret for å sikre god gjæring, har jo ingen effekt. Eller? Kanskje det er best å gjere det, sånn i tilfelle, og av respekt for tradisjonen? Kva med å unngå brygging under minkande måne? Tja. Uansett er det vel fint å tenkje at sjølv universet og vi høyrer saman. Der eg kjem frå, spytta gamlingane i sjøen når ytste blåsa til fiskegarnet går over ripa. Sjølvsaft har det effekt. Neppe for fiskelukka, men det gjer noko med vona til fiskaren som er til stades med heile seg i det hen driv med der ute på fjorden. Det er jo dette som er mindfulness, for pokker! Gamle historier og merkelege ritual kan gjere oss meir konsentrerte om kva vi driv med, og føre oss nærmare dei som dreiv med det same før oss. Styrkje kjensla av kven eg er og kor eg høyrer til, med andre ord. Kanskje kan oppfordringa frå Delfi på denne måten verke inn på ølkvaliteten òg.

Eg har funne både inspirasjon og støtte til artikkelen i bøkene til Lars Marius Garshol, og artikkel på uio.no.

KOJI-MYSTERIET

Kojiens arbeid ligger i skjæringspunktet mellom kunst, magi og mikrobiologisk presisjon.

TEKST OG FOTO: ANNE ENGGRAV, FAGANSVARLIG MAT OG DRIKKE



FAGPRAT

Den japanske kulturen rommer mye som er uforståelig for oss i Norge. Togene er punktlig, bygatene er rene og helt uten søppel. Selv i Tokyo, en av verdens største byer, hersker det ro og orden. Hele den japanske kulturen, med alle sine motsetninger, er preget av nøyaktighet og perfektjon. Og en behagelig renslighet. Det er som om kulturen presser naturen inn i en perfekt estetikk. Selvfølgelig er det dette landet som har gitt oss et av verdens mest imponerende brygg – sake.

Det umulige brygget

Sake er resultatet av en uvanlig kompleks bryggekunst. Vanligvis gjæres alkoholholdig drikke fra en sukkerholdig væske, men i sakeproduksjon blir sukkeret «produsert» parallelt med alkoholgjæringen. Denne unike produksjonsmetoden kan vi takke den gåtefulle koji for.

Sake er laget av ris som består av stivelse og ikke noe sukker, akkurat som byggkornet i ølproduksjon. Sakebryggere kan ikke malte (spire) risen slik som ølbryggere kan (se artikkel om malting og mesking på side 6). Kimen som kunne ha spiret riskornet, er nemlig slipt bort for å få bort proteiner og fettstoffer fra de ytterste lagene av riskornet. De vil gi uønskede aromaer og for mye umami i den ferdige saken. I prosessen med å perfektionere resultatet har sakebryggeren gitt seg selv et umulig utgangspunkt – en råvare som ikke kan gjæres. Løsningen er å behandle risen med koji.

Harde fakta – hva gjør koji?

Kojisoppen sender trådlignende sopptråder, eller hyfer, inn i riskornet. Disse hyfene skiller ut amylase-enzymet, som blant annet bryter ned risstivelsen til glukose – gjærbart sukker. I tillegg til denne avgjørende oppgaven bidrar også kojisoppen



Hvert sakebryggeri har sitt eget kojirom. Her blir en liten andel av risen som skal brukes i sakeproduksjonen, behandlet med kojisporer.



Risen blir stadig blandet, og temperaturen heves og senkes for å oppnå den ønskede muggveksten. Etter omtrent to dager er risen klar til bruk. Kraftig kojivekst gir fyldigere og mer umamirik sake, mindre koji får bedre fram fruktige estere fra gjæringen.

FAGPRAT: METODE

på andre måter. Enzymet proteinase bryter ned proteiner i risen til aminosyrer og peptider. Det er viktig næring for gjæren, og det bidrar til smaken av umami i saken. Koji gir også aroma til saken. Kastanjenøtt eller sopp er eksempler på aromaknagger for å finne kojipreget.

Timing og tilrettelegging

Hvert sakebryggeri har sitt eget kojirom. Det er et badstuliknende rom der både temperatur og luftfuktighet er nøyaktig kontrollert for å gi kojisoppen perfekte forhold. Her blir en liten andel av risen som skal brukes i sakeproduksjonen, behandlet med kojisporer. Etter at soppen har fått gro på risen i et par dager under omsorgsfull kontroll av bryggerne, kan selve gjæringen begynne. I tillegg til kojiris består en sakegjæring av nydampet ris, vann og gjær. Alt kan ikke tilsettes samtidig, men må bygges sakte opp for å oppnå den riktige balansen mellom de to hovedprosessene som foregår samtidig: omdannelse av stivelse til sukker og omdannelse av sukker til alkohol.

Balanseskunst

Bryggeren må hele tiden holde den riktige balansen mellom gjæring og kojivekst underveis i fermenteringen. Hvis gjæren blir for aktiv, vil den dø på grunn av for liten tilgang på næring og sukker. Hvis kojien blir for dominerende, vil det bli for mye sukker i tanken. Det

vil være en invitasjon til annen uønsket mikrobiologisk vekst, og hele gjæringen vil fort komme ut av kontroll og ødelegge brygget. Gjæren blir mindre stresset av å få gradvis tilgang på sukker. Derfor blir alkoholnivåene i sake høyere enn vi er vant med i andre gjæringer. 15-16 prosent alkohol er vanlig nivå i sake, og

det tar vanligvis fra to uker til en måned å komme i mål med gjæringen.

Selv om ris, vann, koji og gjær er grunnelementene i sake, så er tid, temperaturkontroll og en nesten ufattelig grundighet hemmeligheten bak håndverket.



FOTO: GETTY IMAGES

Sopp med dype sporer

Koji, eller *Aspergillus oryzae*, er en muggsopp med flere tusen år lang historie i det japanske kjøkken. Soppsporene dyrkes på ulike kornslag eller belgfrukter som ris, bygg eller soyabønner. I tillegg til sake blir også soyasaus, miso og den søte risvinen mirin laget ved hjelp av koji, og soppsporene har satt sitt tydelige preg på smaken av Japan. Faktisk i så stor grad at den er kåret til Japans nasjonalsopp.

ALKOHOLFRI DRINK

Digernesets ettermiddags-te

- 4 cl alkoholfri «gin»
- 2 cl ferskpressa sitronsaft
- 0,5–1 cl sukkerlake
- 5 cl musserande te

Bland alkoholfri «gin», sitronsaft og sukkerlake i ein cocktailshaker, og sil over i eit cocktailglas garnert med agurk. Topp med musserande te.



FOTO: TOMMY ANDRESEN

BRUSANDE METODIKK

Om gjærsoppens to liv, død og sprudlende oppstandelse.

TEKST: HÅKON SKURTVEIT, SENIOR VAREFAGLEG RÅDGJEVAR



FAGPRAT

Den mest omstendelige metoden for å lage musserande vin inneber at basevinen går gjennom reine metamorfosen med utvida aromabilete og små bobler som skummar mjukt over tunga. Men det kostar. Kva metode som blir nytta for å lage brusande vin, påverkar både smak og pris. Den enklaste har ikkje annan effekt enn å gje bobler til ein (vanlegvis) kvitvin.

Pumpe

Den enklaste metoden er rett og slett å pumpe trykk av karbondioksid (CO₂) i ein kvitvin under flaskefylling. Det er same måte som ein brusfabrikk gjer med mineralvatn. Rimeleg og enkelt, og frå våre hyller er det helst alkoholfrie produkt som blir laga slik. For å få lov å bruke uttrykket musserande vin må boblene komme frå alkoholgjæringa, og trykket må vere mellom 3 og 6 bar.

Tank

Tankmetoden er vanleg og også rimeleg fordi han er nokså rask, og krev lite arbeid. Ein tilset litt nytt sukker og gjær i ein vin, og let den ekstra gjæringa som då startar, skje i ein lukka tank. Etter kvart vil trykket i tanken auke fordi gjæringa produserer CO₂-gass. Mykje av denne gassen blir løyst i vinen. Etter gjæringa er ferdig, blir vinen vanlegvis lagra berre nokre veker saman med gjærrestane før han blir fylt på flasker. Når vinen er kald, held CO₂-gassen seg godt bunden i vinen slik at lite forsvinn under overføring frå tank til flaske. Prosecco er den mest kjende vinen som blir laga med tankmetoden.

Uhell

Den eldste metoden for å lage musserande vin kunne vi kalla uhell-metoden. For følgjande har nok hendt rett som det

er heilt sidan vinflaske blei oppfunnen: Gjæringa stoppar opp utpå hausten. Vinmakaren trur gjæringa er ferdig, og tappar vinen frå tank til flasker. Men så viser det seg at der er litt sukker att. Utpå vårparten tek dei siste gramma med sukker til å gjære i flaske slik at CO₂-gassen gjer at vinen bruser lett når flaske blir opna. For rundt eit tiår sidan blei denne gammaldagse metoden ein typisk retrotrend blant naturvinprodusentar. Dei sørgjer for å fylle vin som ikkje er heilt ferdiggjæra over på flaske, slik at siste del av gjæringa skjer der. Det er dette vi no kallar pet-nat, ei kortform etter det franske pétillant naturel som betyr naturleg sprudlande. Formelt kallar vi desse vinane perlande vin, fordi trykket blir stort sett for lågt (under 3 bar) til å bruke nemninga musserande. Pet-nat er som oftast litt skya fordi gjærrestane ikkje blir fjerna. Dette er forfriskande vinar med ungdommeleg frukt. Men om her er litt gjærrestar i flaske, vil desse gjere at ein god pet-nat fint kan lagrast i nokre år og smake minst like godt.


Tradisjonell

Den mest omstendelige metoden blir kalla tradisjonell metode. Han blir brukt for franske champagne og cremant, engelsk quality sparkling wine, spanske cava, italienske franciacorta, sør-afrikansk cape classic og fleire andre. Metoden gjer at basevinen får nye, attraktive aromainnslag, og munnkjensla blir litt feitare og får ein mjukare brus enn vin frå dei andre metodane. I alle fall om bermelagringa varer lenge. Det sentrale i denne metoden er nemleg at vinane blir ettergjæra og lagra lenge i flaske, saman med gjærrestane (bermen) frå den andre gjæringa. Bermelagringa treng å vare nokre år før ho får maks

effekt både for aroma og munnkjensle. For årgangschampagne er det til dømes krav om minst tre års bermelagring på flaske. Bermen blir fjerna frå flaskene før dei blir selde. Resultatet av tradisjonell metode blir (når produsenten er dyktig) ei mykje meir interessant og samansett vinoppleving enn med dei enklare metodane.

Variasjonar av den tradisjonelle metoden

Franciacorta er namnet på eit område i Nord-Italia, og namn på musserande vin frå området. For å skrive Franciacorta på etiketten, må produsenten mellom anna bruke tradisjonell metode. Sidan vi vitja området i fjor haust, let eg franciacorta vere eksempel på at tradisjonell metode også gjev stort rom for stilforskjellar i dei musserande vinane. Ordet stil brukar vi her om sensoriske variasjonar som følgje av at produsentane utfører stega i produksjonen på forskjellig måte. Dette til forskjell frå ulike vinmarker som òg påverkar eigenskapar og kvalitetsnivå på vinane. Generelt er det dei kalkhaldige vinmarkene i skråningar opp frå den rikare jorda på slettene, som er høgast verdsette.





Om stilkontrastar

Tankefull og samansett

På den eine ytre flanken her kan vi tenkje oss ein vin som er laga av ung vin blanda med ein god del av oksidativt la-gra vin (perpetuelle eller solera) og som i tillegg har hatt lang bermelagring. Då vil vi finne nokså store kontrastar i aromabiletet mellom ungdommeleg frukt og krydder, utvikla frukt og krydder, og bakverk frå bermelagringa. Fordelinga av aromagrupper blir tredelt som i ei eplekake: eple, kakestoff, krydder.

Eplekjekk og blid

I motsett stilretning finn vi ein vin frå ein enkelt druehaust, gjæra på ståltank, og til slutt ettergjæra og lagra lenge i flaske med berme. (Du kjenner tradisjonell metode no, ikkje sant?) Her vil aromabiletet vere dominert av ungdommeleg frukt saman med finbakst aroma. Eventuelle innslag som sender tankane til mineralriket vil komme tydeleg fram, og boblene vil vere små og gje mjuk brus.

Likandes mangfald

Kva som er best av desse to stilretningane, blir som å spørje kva som er best av raka og grava aure, blåmuggost og camembert, blåbær og molter. Det kjem an på eigen smak, dagsform, og i kva høve vinen skal drikkast.

Berre så det er nemnt: Det er mange andre aromainnslag som kan dukke opp i ein god franciacorta og andre vinar laga etter tradisjonell metode. Nokre vil vere velkomne, andre kanskje ikkje. Til dømes kan det vi kallar mineralsk, vere aroma som minner om når eg slår på stein, men kan også gå over til å minne om lukta frå fjøre sjø eller brent hår. Det siste synest dei fleste er ufyseleg. Det første synest vi gjerne er spennande når produsenten forklarar at det var gammal sjøbotn der druene var dyrka. Men sjølukta kjem nok helst frå svovelhaldige stoff som er blitt reduserte under gjæringa, sjøbotn eller ikkje.

Basevin, gjæring



KVA BLIR GJORT?

Gjæringa av basevinane startar spontant, utan at kultivert gjær er tilsett.

Gjæringa skjer ved å tilsetje ein (eller fleire) kultiverte gjærstammar, kjøpt frå gjærproducent.

MOGELEG (SENSORISK) EFFEKT

Eit mylder av gjærstammar startar gjæringa og tilfører litt meir nyansert og open aroma (eller eddik dersom gjær-oppenn er treig, og hygienien ikkje er tipp topp).

Gjæringa startar raskt og med mindre sjanse for at eddik eller andre ufine aromaer blir produserte.

Basevin, alder



Basevina er ei blanding av druehausten frå fleire år.

All basevin er frå same hausten.

Basevina er ei blanding av druehausten frå fleire år.

Fruktaromaen frå slike årgangsvinar verkar ungdommeleg, i alle fall dei første åra.

Basevin, utvikling



Ein del av basevina kjem frå eit stort, eller fleire små fat der ny, ung vin blir fylt på kvart år, etter at utvikla vin blir tappa av for å brukast som base for musserande vin. Systemet kallast solera eller perpetuelle. I fata dannar det seg nokre gongar eit slør av gjær-sopp på overflata av vinen, som tilfører ekstra krydderaroma.

Basevinane blir lagra i lukka ståltankar etter gjæringa er ferdig.

Utvikla aroma med innslag som minner om tørka frukt, sopp, ost, honning eller krydder (frå sotolon).

Ungdommeleg fruktaroma som minner om fersk frukt.

Druetypar



Druetypen pinot noir (som har mørkt skal, men fargelaus saft) blir brukt.

Druetypen chardonnay blir brukt.

Fruktaroma som kan minne om (jord-) bær eller raude eple, ofte eit streif av høy eller halm. Stundom eit skjær av rosa (her har du årsaka til champagne-fargen).

Fruktaroma som minner om blome og eple, ofte med eit streif av sitrus. Litt feitare munnkjensle enn frå pinot noir.

Bermelagring



Vina blir lagra i fleire år på flaske saman med gjærrestane etter gjæring nummer to er ferdig. Gjærrestane går i oppløysing, slik at næringsstoff flyt ut i sjølve vinen.

Vina blir lagra kort tid (under eitt år) på flaske saman med gjærrestane etter andre gjæring er ferdig.

Aroma som kan minne om finbakst. Litt feitare munnkjensle, og langt mjukkare brus som følgje av at boblene blir små og held seg lenger i vinen – ulikt boblene i mineralvatn. Bermelagring motverkar også oksidasjon, slik at den ungdommelege frukta held seg lenger.

Same effekt som forklart over, berre mindre av alt.

LAG VIN MED DRUESTILKENE

Noen av de mest delikate, nyanserte og fruktige rødvinene har med både bær og stilk i gjæringstanken.

TEKST: TOM R. TYRIHJELL, SENIORRÅDGIVER VINMONOPOLET



Rødvin laget med hele drueklasen, både bær og stilker, er fruktigere og mindre snerpende enn andre viner.

Å fjerne stilkene virker umiddelbart som det rette å gjøre når man vil ha en vin som smaker av frukt og ikke som stilk, blad og kvist. Men helklasegjæring, som metoden kalles, er blitt normen for mange produsenter av fruktige, delikate viner av pinot noir, gamay, syrah og garnacha.

Noe har skjedd. Her er det flere faktorer som spiller inn, som at Henri Mayer døde i 2006. Han var en svært toneangivende produsent i Burgund og insisterte på at man må avstikke for å lage kvalitetsvin av en så delikat drue som pinot noir. Det fleste fulgte hans eksempel, men i dag eksperimenterer selv Jayers en gang mest trofaste disipler med helklasegjæring.

Vekstsesongen i Burgund har blitt varmere. Det gir mer modne druer som kan trenge litt stilkpreg for å balansere det sødmefulle. For stilkene tilfører også tannin, men så lenge de er modne nok, er dette tannin som gir et fint grep i vinen og ikke grovhet og strengt snerp.

Helklasegjæring er ikke et enten-eller, men et spørsmål om å bruke rett mengde i forhold til årgang og vinmark. Det kan være 100 prosent helklase eller bare en liten andel. De fleste anvender en blanding av helklase og avstilkede druer. Størst andel helklase er det som regel i varme årganger, eller med druer fra vinmarker som gir god modning.

Modne stilker som er brune, ikke grønne, er egnet for helklasegjæring. Andre mener det ikke er fargen, men smaken på stilkene som er det avgjørende.

Tips!

Hvis du ønsker å prøve en vin som er laget ved helklase-gjæring, sjekk «Metode»-feltet for vinen på vinmonopolet.no eller i appen vår. Der vil du kunne se om vinen er laget ved helklasegjæring, og hvor mye helklase som er brukt.

Kvaliteten på stilkene er som regel best i årganger hvor druene får en lang, sakte modning og ikke bråmodner tidlig på høsten.

Avstilkede druer kan gi mer sevjepreg. Når man ikke høster for hånd, men bruker maskiner blir ofte litt av stilken sittende fast på druen. I kuttsåret siver det mer seveje ut enn det som kommer fra hele klaser med druer. Det kan gi vinen et grønt stilkpreg av seveje.

Tilhengere av helklase liker at metoden gir en saktere og kjøligere gjæring. Dette tilfører vinen mer struktur (tannin, munnfølelse) og mer ferskt bærpreg, men også mer dybde i frukten og innslag av ikke-fruktige ting som urter, pepper, fiol, skogbunn og svart te.

Helklase gir lysere vin, men mer stabil farge. Det gir viner med noe mindre alkohol, og runder av hard syre i syrlige årganger. I varme årganger har helklasegjæring den motsatte effekten den bevarer friskhet i vinen.

Du har kanskje smakt vin laget ved bruk av helklase uten å vite det. Beaujolais lages nemlig ved bruk av en egen variant av metoden som kalles CO₂-maserasjon eller karbonmaserasjon. For

begge metodene er det snakk om mer eller mindre hele drueklaser. Med helklasegjæring har gjæren tilgang på oksygen, mens det ved CO₂-maserasjon foregår på tette tanker hvor det tilføres CO₂.

Det er flere varianter. Ved den mest vanlige blir ikke CO₂ tilført, men dannes når druene nederst i tanken knuses under vekten av de andre og den friggjorte mosten begynner å gjære. Da dannes det CO₂. I de hele druene foregår en liten «gjæring» ved at enzymer omdanner eplesyre til litt alkohol. Karbonmaserasjon har vært mye brukt i Beaujolais, men det er også vanlig med tradisjonell gjæring slik det gjøres ellers i Burgund.

Kvaliteten på stilkene er som regel best i årganger hvor druene får en lang, sakte modning og ikke bråmodner tidlig på høsten.

LARS MARIUS GARSHOL

Lars Marius Garshol har tatt entusiasmen og grundigheten rundt norsk gårdsøl et skritt lenger. Vi har snakket med ham om både fortiden og framtiden til norske øltradisjoner.

TEKST MARIE STEFFENS FOTO TOMMY ANDRESEN



Lars Marius Garshol jobbet i IT-bransjen i mer enn tjue år før han oppdaget norsk tradisjonsøl. Nå er han forfatter, blogger, forsker og foredragsholder – og en glødende forkjemper for gjærtypen kveik og norske gårdsøltradisjoner.

«Det startet med en generell ølinteresse. Da jeg trodde jeg hadde smakt nesten alle øltyper, dukket plutselig gårdsølet opp. Det fascinerte meg at det ikke var mulig å lese seg til svarene om dette i en bok. Folk visste ikke engang at det var noe å spørre om!

Gårdsbryggere lærer av generasjonene før dem. Tradisjonelt har de selv dyrket kornet og selv maltet det. Kveik er den gamle gjærtypen som har overlevd på Vestlandet. Den består av mange ulike stammer, og oppfører seg annerledes enn annen ølgjær. Den trives ved høyere temperatur, og både starter og gjærer uvanlig raskt. Kveik gir en tropisk fruktighet til ølet, som kan minne om appelsin, mango eller melon.

For rundt ti år siden sto kveiken nærmest med én fot i grava. I dag er situasjonen en annen, selv om det er stor forskjell fra region til region. Rekruttering av neste generasjon er det viktigste for å sikre kveikens framtid. Jeg er opptatt av at norsk gårdsøl skal overleve i den opprinnelige tradisjonen, men er skeptisk til å beskytte det med en appellasjon for geografisk opprinnelse. At folk bruker kveiken, er det som vil sikre at den overlever. Det synes jeg er viktigere enn å forhindre at den kopieres andre steder.»



Du kan høre samtalen i sin helhet i Vinmonopolets podcast, episode 383.

Norsk gårdsøl brygges slik det har blitt gjort i generasjoner, kanskje like lenge som vi har drevet jordbruk. Utstyr og råvarer som fantes på gården, ble brukt. Gjærkulturen kalles kveik, berm eller gong. Den kan tørkes, og kunne bli bevart på en gjærkrans av tre mellom bryggingene.





RÅTT, KOKT ELLER STEKT

Det er ikke bare hvilke råvarer du bruker, men også hvordan du tilbereder dem, som påvirker drikkevalget. Andreas Ingul gir deg innsikt og tips om tilberedning av kjøtt og råd om drikke til.

TEKST: ANNE ENNGRAV OG ANDREAS INGUL
FOTO: TOMMY ANDRESEN



Vi spør for å gi gode svar

Skal du koke eller steke? Hva skal du ha til? Er det med eller uten saus? Er det mye av ditt? Eller lite av datt?

Kanskje har du irritert deg over hvor mange spørsmål vi stiller deg når du ber oss på Vinmonopolet om å anbefale noe godt å drikke til middagen din. Det går nemlig historier om polkunder som blir så lei av alt maset fra oss at de går i protest. Det er ikke for å teste deg vi spør deg om så mye. Vi spør for å forstå hvordan maten din smaker. Vår analysemetode for å sette drikke til mat handler om å få et inntrykk av hva som preger helheten på retten mest. Da holder det ikke å vite at du skal ha oksekjøtt til middag. Vi må også vite noe om tilbehøret og tilberedningen for å skjønne hvordan maten kommer til å smake.

Hvordan kan ulik tilberedning endre drikkevalget?

Denne gangen skal vi zoome inn på hva tilberedningen bidrar med. Forskjellige teknikker og ulike grader av varmebehandling setter preg på smaken av maten – og dermed også drikkevalget. Selv om tilberedningen bare er en liten del av hele retten, kan den ha stor betydning for smaken. Samme råvare med samme tilbehør skifter helt karakter med ulik tilberedning. Tenk bare på hvor ulikt en stekt biff med parmesan og sitron smaker sammenliknet med en rå carpaccio med parmesan og sitron. Såpass stor påvirkning har tilberedningen at vi har det med

som et eget punkt i våre mentale, vinmonopolske sjekklister når vi skal finne de beste anbefalingene til middagen din.

Mat er mer enn metode

Tilberedningsmetoden er altså bare ett av skrittene på veien til å velge vinen, og det er flere spørsmål vi må stille for å kunne avgjøre hva slags vinstil eller annen drikke vi skal lete etter. Selv om vi i denne artikkelen bare ser nærmere på hvordan drikkevalget påvirkes av tilberedningsmetoden vil råvarene i seg selv, og tilbehøret selvsagt også ha mye å si for hvordan retten smaker. Når du spør oss om drikketips, tar vi hensyn til helheten i retten, og vi bygger på erfaringer fra mange og grundige smakinger.

Eksempelet oksekjøtt

Oksekjøtt er et fint eksempel fordi det er en råvare som tilberedes på mange ulike vis og dermed blir helt forskjellige retter. Vi bruker oksekjøtt som eksempel i denne artikkelen, men effekten av tilberedningsmetoden kan overføres til andre typer kjøtt, som vilt eller lam.

Når du spør oss om drikketips, tar vi hensyn til helheten i retten, og vi bygger på erfaringer fra mange og grundige smakinger.



Polkokkens tips om tilberedning av kjøtt

Andreas Ingul er Vinbladets egen kokk! Han har tilberedt mangt et kjøttstykke, og her deler han sine beste tips.

Mørning av kjøtt

Mørning er en naturlig prosess som skjer når kjøttets egne enzymer bryter ned proteinene i kjøttet. Dette gjøres ofte i vakuum over tid (uker). Mørning med bakepulver er vanlig i det kinesiske kjøkken.

Når vi mørner kjøtt, snakker vi ofte om døgngader. Det er en skala som viser hvor raskt kjøttet mørner på en gitt tid med en gitt temperatur. Skruer du opp gradene, vil mørningstiden kortes ned. Mørner du kjøtt i romtemperatur, vil mørningstiden gå ned, men du risikerer samtidig uønsket mikrobiell vekst og at holdbarheten på kjøttet blir dårligere.

